

NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	29.05.2026
Vår referanse	2026/28276-7
Dykkar referanse	cde670d1-25b5-4518-8f4c-7bba273b0821
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Høyringsfråsegn til søknad om midlertidig fråvik fra manøvreringsreglementet for Tyin kraftverk, NVE-ref.: 202609565

Samandrag av innspel

Kartfestinga av steinalderlokalitetar ved Tyinosen er mangelfull i Askeladden. Ein lokalitet er feil kartfesta og tre manglar registrering. Fylkeskommunen ønskjer å nytte nedtappingsperioden til arkeologisk registrering i den eksponerte strandsona, og ber om å bli varsla i god tid før nedtapping. Meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd gjeld dersom funn vert avdekte under arbeidet.

Fylkeskommunen har ingen avgjerande innvendingar til søknaden m.o.t. vassmiljø, føresett at avbøtande tiltak vert gjennomført som planlagd.

Innleiing og bakgrunn

Vestland fylkeskommune viser til høyringsbrev frå NVE, datert 21. april 2026 (saksnr. 202609565), og gir med dette si fråsegn til søknad frå Hydro Energi AS om midlertidig fråvik frå manøvreringsreglementet ved Tyin kraftverk i Årdal kommune.

Hydro Energi AS søker om mellombels løyve til å tappe Tyin-magasinet under LRV i perioden 1. mars-17. april 2027, som er naudsynt for å rehabilitere tappearrangementet ved Tyin dam.

Faglege vurderingar

Kulturminne og kulturmiljø

Vestland fylkeskommune, seksjon for kulturarv, har vurdert saka som regional Kulturmiljøstyresmakt.

Automatisk freda kulturminne

I samband med gitt konsesjon ble det gjennomført arkeologiske registreringar i delar av strandsona ved Tyinosen. Fire steinalderlokalitetar blei påvist, men kartfestinga i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden er mangelfull. Vestland fylkeskommune gjer merksam på at kartfestinga av automatisk freda kulturminne, steinalderlokalitet med id.173662 ikkje er korrekt i kulturminnedatabasen, og at tre andre kjende steinalderlokalitetar ikkje er kartfesta. Det automatisk freda kulturminne id.173662 skal ifølge registreringsrapporten ligge på ei lita tange NNØ for lukehuset.

Nedtapping

I samband med rehabilitering av tappearrangement er det planlagd nedtapping av magasinet tidleg i 2027, i perioden mars til april. Vatnet skal senkast under lågaste regulerte vasstand (LRV) og nedtapping vil eksponerer ei lang strandsona med stort potensial for nye arkeologiske funn frå steinalder. Det er stort potensial for å finne steinalderlokalitetar som opphavleg har lege nær strandlinja og som har blitt neddemde som følgje av reguleringa.

Fylkesgrensa går utanfor strandsona langs delar av Tyin, resten av arealet ligg i Innlandet fylke.

Ved nedtapping har fylkeskommunen høve til å gjennomføre:

- overflateregistrering i strandsona som vert eksponert ved låg vasstand
- kontrollregistrering av dei kjende steinalderlokalitetane i område.

Føremålet er å leite etter funn frå steinalder og vurdere tilstanden på lokalitetane og oppdatere kartfestinga i Askeladden. Kulturminna ligg i regulert sone og er svært utsett for erosjon som følgje av endringar i vasstand.


Feltarbeidet må gjennomførast i samband med planlagd nedtapping .Vestland fylkeskommune ber difor om å bli kontakta i god tid før vatnet vert tappa ned slik at vi har høve til å gjennomføre søk i strandsona i denne perioden.

Tidlegare arkeologiske registreringar

Nye Tyin kraftverk fekk konsesjon i 2001. I forkant av konsesjonsvedtaket gjennomførte Arkeologisk institutt ved Bergen Museum, på vegner av Sogn og Fjordane fylkeskommune arkeologiske kulturminneregistreringar i 1998, 1999 og 2001. Registreringane avdekket ei rekkje spor etter førhistorisk tid.

Ved Tyinosen vart det registrert fire steinalderlokalitetar ved strandsona; lokalitet Ty2, Ty3, Ty4 og Ty5 og eit aktivitetsområde frå folkevandringstid, Ty1 (sjå figur 1 oversiktskart). Kulturminne id.173662, (Ty2) er registrert i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden og har status som automatisk freda, medan dei tre andre steinalderlokalitetane (Ty3, Ty4 og Ty5) ikkje er registrert i kulturminnedatabasen.

Steinalderlokalitetane vart påviste ved maksimal vasstand, og nokre av funna vart gjorde under vatn. Dette indikerer at lokalitetar er blitt neddemd og at det er stort potensial for nye funn ved låg vasstand.



Figur 1: Oversiktskart over registrerte steinalderlokaliteter. Kart er henta frå arkeologisk registreringsrapport (tilleggsregistreringar 1999) i samband med nytt Tyin kraftverk.

Kulturminna som er registrert ligg utanfor tiltaksområde (rehabilitering av tappearrangement), og det går tydeleg fram av detaljplanen at det ikkje skal gjerast inngrep utanfor tiltaksområde, og fylkeskommunen legg dette til grunn for vurderinga.

Tiltaksområde ligg mellom Dam 1 og Dam 2 og består av eksisterande infrastruktur som lukehus og tilkomstvegar. Her går og den gamle tappetunnelen frå magasinet. Då store delar av område er opparbeida er potensial for nye funn innafor dette område vurdert å vere lågt.

Vi kan likevel ikkje utelukka at det kan vere førhistoriske funn i tiltaksområde. Vi gjer derfor merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn (som våpen/reiskap i stein), flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert.

Vassmiljø

Vi har ikkje avgjerande fisk- eller vassmiljøfagleg innvendingar til søknaden. Vi meiner tiltaket kan gjennomførast utan at det går ut over fisk eller vassmiljø i for stor grad om dei avbøtande tiltaka i søknaden vert gjennomført som planlagd.

Kontaktpersonar for fagområda

- Automatisk freda kulturminne - Silje Øvrebø Foyen
- Vassmiljø - Finn Olav Myhren

Med helsing

Sølvé Dag Sondbø
seksjonsleiar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjøflot
seniorrådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ÅRDAL KOMMUNE	Statsråd Evensensveg 4-6	6885	ÅRDALSTANGEN
STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER